



Kultur - og sørvistorget v/Bente K Hervik

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 15/240 - 16/9814

Saksbehandlar:  
Tore Rikstad  
tore.rikstad@radoy.kommune.no

Dato:  
07.09.2016

## Turløype på Manger - søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning - anleggsnummer 1260004501

Det vert søkt om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning på planlagt universell utforma turløypa på Manger.

Turløypa er planlagt som ei 2 km lang turveg rundt i Manger senter. Deler av løypa skal gå på asfalt, deler på grus og to korte strekk vil gå over trebru(område 2 og 3 i kart). Der det er grus skal ein nytta ein type grus med bindemiddel som gjev eit nokså fast dekke. Det er lagt vekt at stigningsnivået skal vera innafor krava til til universell utforming, men to stader i løypa er dette ikkje mogleg utan større terrenginngrep.

Det vert i første omgang ikkje gjort nokon tilpasningar for synshemma utover at alle farlege skrentar vil vera sikra. Merking av kantane kan vera aktuelt seinare. Veglys er også planlagt i eit seinare byggjetrinn.

Det vert sett opp benkar som gjev mogleheter til kvile fleire stader langs løypa.

### Arkitektur og miljøforhold

Løypa er planlagt med god terrengetilpasning. Ein stad ligg den tett på ein freda steinheller (område 2 i kartet). Her har ein fått løyve frå Riksantivaren til å legggja ei trebru like ved. Trebrua gjer at det ikkje er naudsynt med store terrenginngrep. Løypa går også gjennom ein bøkeskog. Her vert det lagt vekt på at vegen skal skli inn i terrenget, og det er difor lagt opp til at den vert bygd opp med ein gråsteinsmur i tråd med lokal byggjeskikk (område 1 i kartet) i staden for ein skråfylling med stein og jord. Vegetasjon vil verta tatt vare på der det er mogleg.

Prosjekteringen er utført av ansvarleg føretak med naudsynt kompetanse og ansvarsrett innafor fagområdet.

Løypa går rundt i Manger sentrum med god kollektivsamband og gode parkeringsforhold..

Anlegget vil ikke påverka miljøet eller grunnvatnet. Omsynet til biologisk mangfald er ivaretatt.

### **Plass i kommunal plan**

Anlegget er prioritert som nr. 12 i kommunen sin plan for idrett, friluftsliv og nærmiljø.

### **Behovsoppgåve**

Det er stort behov for ein slik turveg på Manger. Manger, som er kommunesenteret, har både barneskule, ungdomsskule, folkehøgskule, eldresenter og fleire institusjonar for menneske med nedsett funksjonsevne. Det er ingen turvegar i området der ein kan ferdast til fots, med rullestol, på sykkel eller med barnevogn utan å koma i konflikt med bilvegar. Løypa ligg tett opp til ungdomsskulen og vil verta nytta i gymtimane.

### **Kostnadsoverslag**

Entreprenørarbeid	Kr. 4.500.000,-
Rydding av løype og liknande	Kr. 500.000,-
Prosjektering/byggjeleiing	Kr. 200.000,-
Sum	Kr. 5.200.000,-

### **Finansiering og drift**

Eigenfinansiering	Kr. 3.700.000,-
Spelemidlar	Kr. 1.000.000,-
Dugnad	Kr. 500.000,-
Det er inngått	

Turløypa er eit samarbeidsprosjekt mellom Manger Idrettslag og Radøy kommune. Partane er og grunneigarar og er samde om trasevalget(kan bli mindre justeringar for å tilpassa løypa i terrenget kan forekoma). Bruk av grunnen, opparbeiding og drift av løypa er avklart, nærmare detaljar vert avklart gjennom ein eigen avtale mellom partane.

Det er i budsjettet for 2016 løyvd inntil 2 millionar til byggjetrinn i prosjektet. Resten av finansieringa vil verte tatt opp som politisk sak i samband med bygging av resterande byggjetrinn.

Med helsing

Tore Rikstad

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

20160907094519

**Mottakarar:**

Kultur - og sørvistorget v/Bente K  
Hervik